



Terje Hopland
Seimsleitet 77
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7673 - 14/27271

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2014

Gbnr 171/3 Seim. Dispensasjon til frådeling av bustadtomter. Avslag.

Syner til søknad frå dykk om løyve til å dele frå bustadtomter for å føre opp to tomannsbustadar. Tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande plan. Søknaden dykkar er motteke i kommunen 26.11.2014.

I søkande skriv de mellom anna:

«Arealet er i dag teikna inn som LNF- område. Vi har tidlegare forsøkt å få dette endra i kommuneplanen utan å lukkast.»

De syner vidare til kommunen sine argument for ikkje å komme dykk i møte når det gjeld dette ønskje. Det gjeld jordvern, terrenginngrep, stille og ro ved kyrkjegarden, ikkje trong for bustadareal på staden. I søknaden argumenterer de for at kommunen tek feil.

De legg ved eit kart «Geovekst Nordhordland digitalt..». På kartet har de merka av det området det gjeld, samt at de har plassert inn dei bygningane som de vil reise på staden.

Administrasjonen har teke fram gjeldande arealplan på staden. Den er ikkje synt på dykkar kart. Planen syner at det meste av det området der de vil bygge hus, alt er sett av i planane til offentlege føremål. Dette er kyrkjegard og parkeringsplass. Ein liten rest vert i planen liggande som unyttta LNF område.

Planen vart godkjend 23.09.2011 og er gyldig frå same dato.

Tiltaket dykkar kjem såpleis ikkje berre i konflikt med LNF føremålet, men og med offentlege føremål som er sett av i planane.

Dersom tiltaket dykkar eventuelt skulle kunne godkjennast, kan det først skje etter ein omfattande høyringsrunde, der alle instansar som har vore med i utforminga av gjeldande plan, må verte høyrde i spørsmålet om å omregulere dykkar areal til bustadføre mål.

Proessen vil ta lang tid, og vil truleg ende med negativt utfall.

Dette skuldast staden der arealet ligg – tett inntil eksisterande kyrkjegard, som har få andre stadar den kan ekspandere. Sjølv om ein skulle ende opp med at framtidig areal for kyrkjegard kan reduserast noko, er det likevel lite truleg at det vil verte gjeve løyve til å bygge hus på staden.



Dei argumenta som før er nytta for å avslå innspelet dykkar, vil slå inn med enno større tyngd .

Administrasjonen syner til utgreiinga ovanfor og finn på den bakgrunnen ikkje grunnlag for å gå nærare inn i søknaden dykkar.

Dersom de likevel ynskjer å fremje saka, trass den informasjonen som de no får, må det skje som ein søknad om å få sette i gong prosessen med å omregulere området frå kyrkjegard og parkeringsplass til bustadområde.

Dersom de treng hjelp til å vurdere dette, kan de be om eit møte med planavdelinga i kommunen.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Terje Hopland

Seimsleitet 77 5912

SEIM